



Rutine: Rettleiing nyutdanna lærarar i barnehage og skule

Det er ikkje alt me lærer i utdanninga, noko lærer me fyrst når me kjem ut i yrket. Å ha ei god rettleiing for nyutdanna er ei god investering for profesjonsutvikling i barnehagar og skular.

Lærarar som utviklar seg og trivst, vil bidra til auka trivsel og læring for barn og unge.
(udir.no)

Lovheimel

Ansvaret for å ivareta nyutdanna nytilsette lærarar på en god måte ligger lokalt hos arbeidsgiver, jf. arbeidsmiljøloven § 4-2, opplæringsloven § 10-8 og friskoleloven § 5-2 andre ledd bokstav i).

Rutinen byggjer på [“Veiledning av nyutdannede – hvordan kan det gjennomføres?”](#),
[«Evaluering av veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere sluttrapport 2021»](#) samt informasjon om rettleiing på [udir.no](#)

Mål

Gjennom kvalifisert rettleiing er målet at den nyutdanna:

- Vert sikra ein god overgang frå utdanning til yrke ut frå den nytilsette sitt behov
- Får motivasjon og tryggleik til å handtera og meistra arbeidssituasjonen og møtet med borna og elevane
- Vert medviten og vidareutviklar eige kompetanse og praksis
- Vert verande i skule og barnehage over tid
- Vert ein del av profesjonsfellesskapet i barnehage og skule
- Bidreg til betre trivsel og læring for barn og elevar
- Vert kjend med kommunale satsingar, pedagogiske verktøy og system

Korleis vert rettleiinga gjennomført?

- Vert gitt til nyutdanna nytilsett lærar; ein lærar i dei to fyrste åra som tilsett i barnehage eller skule etter fullført grunnutdanning, i fast eller mellombels stilling.
- Vert gjennomført og prioritert på ein systematisk måte med avsett tid til planlegging og gjennomføring etter strukturert og målretta plan
- Vert gjennomført individuelt og i gruppe
- Vert gjennomført av kvalifisert rettleiar; ein lærarutdanna som har formell rettleiarkompetanse, nødvendig fagleg kompetanse og minst tre år me erfaring som lærar, og ikkje har formelt leiaransvar for den nyutdanna
- Livsfasetiltak: redusert undervisning og den delen av årsverket som læraren disponerer sjølv, med inntil 6% frå skuleåret sin start fyrste året. Andre året er det

ikkje redusert undervisning. SFS 2213- punkt 6. **Rettleiinga vert gjennomført i arbeidstida.**

- Barnehagelærarar har ikkje same reduksjon i stilling til rettleiing. Det skal gjennomførast i arbeidstida.
- Samlingar skjer **onsdagar 12.00- 15.00**

Rettleiing i gruppe - årshjul

År 1	Tema		Type samling	Samarbeid
3 timer Haust tidleg 12.00- 15.00	Kick off Kommunale system Organisasjonskart Slik gjer me det i Kvam Trygt og godt barnehage- og skolemiljø	Rettar som nyutdanna Nettverksarbeid Case Rettleiing - refleksjon Compilo Avvik Sjukefråvær Kompetanse- pakkar (Dossier/ Udir) Oppl.loven§9A 2 Bhg. loven kap.8 §41- 42- 43 Arbeidstid	Felles- bhg skule	
3 timer Haust 12.00- 15.00	BTI	Verta kjend med BTI-rettleiaren Case Verktøy: LP ++ Møtestruktur og møteleiing	Felles bhg skule Konsultasjons- team/ barnevern/ familiesenter	Oppvekst- (Ingunn H. Teigland)
Vår 3 timer 12.00- 15.00	Snakke med barn Trygg til handling	Avatar Youtube	Felles bhg skule Kontakt med barnevernsleia r: Kjersti Kloløck Familiesentere t: Anna Mo Bjørklund	
År 2				
1.45 timer Haust tidleg	Kick off	Rettar som nyutdanna	Felles- bhg skule	

10-11.45	Kommunale system Organisasjonskart Slik gjer me det i Kvam Trygt og godt barnehage- og skolemiljø	Nettverksarbeid Case Rettleiing - refleksjon Compiro Avvik Sjukefråvær Kompetanse-pakkar (Dossier/Udir) Oppl.loven§9A 2 Bhg. loven kap.8 §41- 42- 43 Arbeidstid		
Haust 3 timer 12.00- 15.00	Arbeidstid og arbeidsforhold	Arbeidstids-ordning Ferie	Felles barnehage og skule, deling i grupper	HR-utdannings-forbundet
Vår 3 timer 12.00-15.00	Foreldresamarbeid Leiing -personalleiing (bhg) -klasseleiing (skule) Spesialundervisning/ spesialpedagogisk hjelp og støttesystem		Vurdera behov for felles samling, evt dela mellom barnehage og skule	

Individuell rettleiing

Den individuelle rettleiinga skal tilpassast den enkelte. Døme på tema og oppgåver som kan vera aktuelle:

- Organisering av eigen arbeidsveke/ arbeidsdag
- Observasjon på avdeling/ i klasserom
- Tema frå gruppесamlingane, gjennomføring i praksis
- Utdjuping av tema frå fellessamlingar
- Relevante ynskje og behov frå den nyutdanna
- Vaksenrolla
- Kollegasamarbeid

Tidsbruk: Det skal gjennomførast 5 individuelle økter à 1 time= 5 timer per år.

Ansvarsfordeling

Barnehage- og skuleeigar:

- Skule- og barnehageeeeigar tek del på første møte år 1
- Kartleggja behov for rettleiing i eigen kommune i samarbeid med rektorar og styrarar. Varsling i 1310.
- Kartlegging rettleiingskompetanse i eigen organisasjon
- Tilretteleggja for eventuelt samarbeid med UH-sektoren
- Kalla inn til fellesmøte for rettleiarar og rektorar/ styrarar til gjennomgang av plan ved oppstart og ved årsslutt for evaluering av året
- Ansvar for å senda ut evalueringsskjema til tilsette som får rettleiing i juni
- Informasjonsmøte med rettleiarar kring satsingsområde lokalt og regionalt (dekom/rekom)
- Søkja om tilskot, årleg frist 1. juni. (Satsen i 2022 til 20 000 kroner). Tilskotet vert tildelt til lærarar i sitt første og andre år i skulen. Det må søkjast om tilskot i kvart av desse åra.

Styrar/rektor:

- Melda inn behov for rettleiing
- Støtta opp om rettleiarordninga og planen for rettleiing med tanke på tid og timeplan
- Lyfta fram nyttilsette/ nyutdanna og kompetansen deira i profesjonsfellesskapet
- Bidra til rekruttering av rettleiarar ved behov

Rettleiar:

- Ha eller gjennomføra retteleiarutdanning og halda seg fagleg oppdatert
- Gjennomføra rettleiingssamtalar av god kvalitet
- Følgja opp lokal plan for rettleiing
- Tilpassa rettleiing til behov og føresetnad for nyutdanna nyttilsett
- Ivareta og utfordra den nyutdanna/nytilsette – mål; profesjonsutvikling
- Sjå på og bruka den nyttilsette/ nyutdanna som ressurs
- Delta i evaluering og justera rettleiingsarbeidet i tråd med tilbakemeldingar frå eigar, leiar og nyttilsette/ nyutdanna
- Dela problemstillingar med rektor/styrar på einskilde skule/barnehage eller leiar for skule/barnehage ved systemiske problemstillingar
- Evaluera kvart år
- Visa den nyutdanna vidare til styrar/rektor ved spørsmål knytt til arbeidstilhøve og som går utover rettleiingsansvaret

- Fordeling av stilling:
10% stilling: Rettleiing, førebuing, oppdatering- barnehage. 20% stilling:
Rettleiing, førebuing, organisering av samlingar, oppdatering- skule

Den som vert rettleia har ansvar for å:

- Nytta rettleiinga i fagleg og personleg utvikling
- Bidra til ei god atmosfære og eit godt læringsmiljø (syne respekt, vere open, vere ærleg, vilje til refleksjon over eigne handlingar)
- Møta førebudd til rettleiinga

Arbeidstakerorganisasjonane skal:

- Bidra til å støtta og lyfta fram nyutdanna i profesjonsfellesskapet, og etterspørja og ta i bruk kompetansen deira
- Motivera lærarar i barnehage og skule til å ta rettleiarutdanning
- Bidra med sine erfaringar i evaluering og vidareutvikling av rettleiinga
- Bidra med kompetanse på samlingar ved behov

Samarbeid HVL

**Ansvarleg for tiltaket «Ny som lærer på Vestlandet» ved HVL» er Randi Moe,
randi.moe@hvl.no**

Rutinen gjeld frå februar 2023 og skal evaluerast våren 2024.